



Årsplan barnehagane 2026/2027



Innhald

Rammar for årsplanen	2
Barnehagens visjon	2
Om barnehagane	3
Utviklingsarbeid og satsingsområde	5
Helsefremjande skuler og barnehagar	5
Kollektiv kompetanseheving i barnehage	6
Stine Sofie barnehagepakke	6
Ressursteam	7
Slik gjer me det	7
Arbeidsmetodar	7
Tilvenning	8
Overgang til stor avdeling	8
Overgang til skulen	9
Årshjul	10
Merkedagar	12
Tv-aksjonen	12
Joleaktivitetar	12
Brannvernveka	12
Førstehjelpsveke	12
Karneval	12
Ski og aktivitetsdag	12
Påskefrukost	13
Ryddedag	13
Positiveke	13
Barnehagedagen	13

Rammar for årsplanen

«Barnehagen skal utarbeide ein årsplan. I tillegg skal det utarbeidast planar for kortare og lengre tidsrom og for ulike barnegrupper etter behov. Årsplanen er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngivingane til barnehagen. Årsplanen kan gi informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til myndighetsnivåa, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte.

Styraren skal leie prosessen med å utarbeide årsplanen. Årsplanen skal fastsetjast av samarbeidsutvalet i barnehagen. Årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje formålet og innhaldet i rammeplanen og dei lokale tilpassingane i pedagogisk praksis. Årsplanen skal mellom anna vise korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring. Her må også progresjon tydeleggjerast. Ein skal synleggjere korleis medverknaden frå barn og foreldre blir teken inn i planleggingsarbeidet, og korleis barnehagen vurderer det pedagogiske arbeidet sitt. Det skal òg komme fram korleis barnehagen arbeider med tilvenjing av nye barn og sikrar samarbeid og samanheng med skulen.» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37-38).

(Hentet frå [Årsplan | udir.no](#))

Barnehagens visjon

Robuste barn i leikande miljø

Robuste barn i leikande miljø er visjonen til barnehagane i kommunen. For dei tilsette i barnehagen betyr det at barna skal få ein kvardag der dei får moglegheit til å boltre seg, vere sjølvstendige og bli anerkjent. Me ser viktigheita av at barna får bruke leiken til å lære seg å manøvrere seg i verda. Me ser også korleis barn lærar ved å få prøve sjølv, dette bidreg til å bygge sjølvbilde og sjølvkjensle. Me ynskjer å styrkje sjølvkjensla til barna i barnehagen, slik at dei kan møte dei utfordringane som kjem. Barna skal møte utfordringar også i barnehagen, men i trygge omgjevnadar og med god støtte.

I Valle og Hylestad barnehage

- Får barn vere barn
- Er leiken utgangspunktet for læring
- Får barna møte utfordringar i trygge omgjevnadar
- Får barna vere sjølvstendige og utvikle seg i sitt tempo
- Får barna oppleve anerkjennelse og bygge eit godt sjølvbilde
- Blir barna rusta til å møte framtida slik den er



Om barnehagane

Valle kommune har to kommunale barnehagar, Hylestad barnehage og Valle barnehage. Opningstida for begge barnehagane er 07.00 – 16.00. Barnehagane har stengt tre veker på sommarstid, fellesferien er i veke 29, 30 og 31 i 2027. Fellesferien startar 2. måndagen i juli.

Valle barnehage

Valle barnehage ligg tett ved skogen og har eit stort og variera uteareal som innbyr til lek, utforsking og rørsleglede. Uteområdet har naturleg underlag, med lite asfalt, og ulendt terreng som gir gode moglegheiter til å utvikle grovmotorikk, balanse og kroppssmeistring gjennom lek året rundt.

Inne i barnehagen har vi eit stort areal med mange rom som innbyr til variert lek og ulike aktivitetar.

Barnehagen består av tre avdelinger:

Lislestog og Nyestog

Lislestog og Nyestog er to småbarnsavdelingar med aldersgruppa 1-3 år.

Småbarnsavdelinga er eit trygt og stimulerande miljø for dei yngste barna i barnehagen. Me legg vekt på å tilpasse aktivitetar til barnas individuelle behov og utviklingsnivå. Barna får moglegheit til å vere ute kvar dag og utforske uteområdet og nærområdet i sitt eige tempo. Vi nyttar song og musikk kvar dag, som innbyr til rørsle og gjentaking som passar for små barn.

Gamlestog

Gamlestog er ei avdeling for aldersgruppa 4-6 år. Avdelinga har eit trygt og stimulerande miljø der fysisk aktivitet, lek og læring er i fokus. Me legg stor vekt på å fremje robuste barn gjennom utfordrande og leikande miljø. Vi er ute kvar dag og tilpassar tida ute etter vêr, årstid og barna sine behov. Vi er opptekne av at barna skal bli glade i å vere ute og få gode opplevingar. Skogen i nærleiken blir nytta ofte og er ein viktig arena for lek, utforsking og turar.



Hylestad barnehage

Hylestad barnehage ligg vakkert til i flott natur, med skogen som næraste nabo. Barnehagen har tilgang til fine turområde i nærmiljøet og eit stort uteområde som gir gode moglegheiter for leik, utforsking og naturopplevingar året rundt. Barnehagen består av tre avdelingar.

Attistog

Attistog er ei småbarnsavdeling med aldersgruppa 1-2 år. Småbarnsavdelinga er eit trygt og stimulerande miljø for dei yngste barna i barnehagen. Her fokuserer me på å skape ein varm og omsorgsfull atmosfære der barna kan utvikle seg gjennom leik og samspel. Me legg vekt på å tilpasse aktivitetar til barnas individuelle behov og utviklingsnivå.

Systog

Systog er ei avdeling for aldersgruppa 3 år. Her møter barna eit trygt og omsorgsfullt miljø der danning og sjølvstende står sentralt. Me legg vekt på å støtte barna i å bli kjende med eigne og andre sine kjensler, og i å utvikle gode relasjonar til både barn og vaksne. Gjennom leik, kvardagssituasjonar og tilpassa utfordringar arbeider me for å styrkje robuste barn som tør å prøve sjølve, uttrykkje seg og møte nye erfaringar med tryggleik og nysgjerrigheit.

Nordstog

Nordstog er ei nyopna avdeling for aldersgruppa 4-6 år i tidlegare Hylestad skule. Her er det eit trygt og stimulerande miljø der fysisk aktivitet, leik og læring er i fokus. Me legg stor vekt på å fremje robuste barn gjennom utfordrande og leikande omgjevnadar. Barna får utfalde seg fysisk og utvikle sosiale og emosjonelle ferdigheiter gjennom variert leik og læringsaktivitetar.



Utviklingsarbeid og satsingsområde

Kulturen vår

Barnehagane ligg i eit område med ei rik og særprega kulturarv, og dette pregar kvardagen vår.

- Me legg vekt på at barna skal få kjennskap og erfaring med lokal og immateriell kulturarv, i tråd med Unesco sitt arbeid.
- Barnehagen tek del i Gorrlaus, den interkommunale Unesco-satsinga i oppvekstsektoren, med konsertar 4–5 gonger i året.
- Gorrlaus er eit samarbeid med spelemannslag og sterke kulturformidlarar, der danseleikar, folkedans, folkeviser, stev og spel blir formidla og levandegjort på barna sine premissar.
- Gjennom oppleving, øving og utøving får barna ta del i kulturarven på ein leikande og meningsfull måte.
- Det viktigaste er å gje barna opplevingar av glede og meistring, samstundes som me er med på å vedlikehalde og føre vidare tradisjonar som er rekna som så unike at dei er lista som immateriell kulturarv gjennom Unesco.

Helsefremjande skuler og barnehagar

Helsefremjande skuler og barnehagar er eit prosjekt i regi av Agder fylkeskommune og i samarbeid med 18 andre kommunar i Agder.

- Målet for prosjektet er å betre levekår og utjamne sosiale forskjellar blant barn og unge.
- I Valle kommune er utgangspunktet for prosjektet fysisk aktiv læring.
- Dette er eit felles utgangspunkt for både skule og barnehagen.
- For barnehagen sin del vil mykje av læringa skje gjennom leiken.
- Prosjektet skal bidra til at barna i kommunen kjem seg endå meir i aktivitet og endå meir ut.
- Prosjektet vil vere ein del av og utgangspunktet for mykje av den pedagogiske verksemda dette barnehageåret.



Kollektiv kompetanseheving i barnehage

Barnehagen deltek i kollektiv kompetanseheving i samarbeid med Universitetet i Agder (UiA), Bykle kommune og skulane.

- Gjennom felles satsingar arbeider me systematisk med å utvikle den pedagogiske praksisen vår, med vekt på refleksjon, fagleg forankring og læring i fellesskap.
- Samarbeidet bidreg til heilskap og samanheng i oppvekstløpet, og styrkjer overgangen mellom barnehage og skule.
- Kompetansehevinga skjer gjennom felles samlingar, erfaringsdeling og praktisk arbeid i kvardagen, der målet er å styrkje kvaliteten i tilbodet til barna og utvikle ein felles forståing av læring, danning og inkludering.

Read Agder og leselyst i barnehagen

Read Agder er ei satsing som skal hjelpe barn med å få glede av språk, bøker og lesing allereie i barnehagealder.

- Målet er at barn skal bli nysgjerrige på språk og få gode opplevingar med bøker og forteljingar.
- I barnehagen startar arbeidet med leselyst tidleg. Når barn får positive erfaringar med lesing, legg det eit godt grunnlag for vidare språkutvikling og læring.

Stine Sofie barnehagepakke

Stine Sofie Barnehagepakke er eit opplæringsprogram for barnehagetilsette om vald og overgrep mot barn. Programmet skal styrkje dei tilsette til å sjå og handle dersom dei er bekymra for eit barn (Henta frå Stine Sofie Barnehagepakke - Stine Sofies Stiftelse)

- Det eksisterer fleire barrierar som hindrar barnehagetilsette i å handle ved bekymring for eit barn. Derfor må dei settast i stand til å identifisere når eit barn er utsett for vald eller overgrep, og handle på bakgrunn av denne kunnskapen.
- I Valle og Hylestad barnehagar betyr dette at me har ei arbeidsgruppe som utarbeider eit årshjul knytt til denne pakka. Grunnen til dette er for å sikre stadig påfyll av kompetanse knytt til temaet vald og overgrep mot barn.
- Valle og Hylestad barnehagar ynskjer å ta dette på alvor og ha tilsette som har kunnskap knytt til å gjenkjenne og hjelpe barn i slike situasjonar.



Ressursteam

Barnehagen har eit ressursteam som er ein arena for tverrfagleg samarbeid. I teamet samarbeider vi for å sikre rett og samordna hjelp til barn og familiar. I ressursteamet blir utfordringar drøfta, og ulike faglege perspektiv brukt for å finne gode løysingar til beste for barnet og barnegruppa.

Mål

Gjennom tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid skal ressursteamet bidra til eit trygt og godt barnehagemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Leiing og deltakarar

Ressursteamet blir leia av styrar og består av representantar frå PPT, helsesjukepleiar, psykisk helse, førebyggingskoordinator, pedagogar og styrar/assisterande styrar.

Slik gjer me det

Arbeidsmetodar

Leik

Leiken har ein heilt sentral plass i barnehagen og er grunnlaget for barn sin kvardag. Leiken har ein eigenverdi og er ein viktig del av barn si utvikling og læring. Gjennom leik får barna utvikle sosial kompetanse, motorikk og sjølvkjensle. I barnehagen får barna høve til både fri leik og deltaking i leik saman med andre barn og vaksne.

Me arbeider aktivt med vennskap og legg vekt på at alle barn skal oppleve tilhøyrse og få vere ein del av fellesskapet.



Gjennom leik nyttar me oss av:

- Temaarbeid/ prosjektarbeid: Me arbeider med utvalde tema over tid, der barna sine interesser, nysgjerrigheit og erfaringar er utgangspunktet. Barna får medverke i temaarbeidet/prosjektet si retning.
- Smågrupper: Me arbeider med å dele barnegruppa inn i mindre grupper gjennom dagen. Gruppene kan vere både planlagde og oppstå i naturlege situasjonar, og gir barna tryggleik, ro og betre høve til leik og samspel.



Tilvenning

Under tilvenninga skal barnehagen, i samarbeid med foreldra, leggje til rette for at barnet får ein trygg og god start.

- Me startar tidleg med å sende ut informasjon til foreldre/føresette om barnehagen, besøksdagar og korleis tilvenninga vil bli gjennomført.
- Det blir lagt opp til dialog og oppstartssamtale mellom partane, og me utarbeider ein plan for korleis tilvenninga best kan tilpassast kvart enkelt barn. Ved oppstart vil barnet få tildelt ein tilknytingsperson som skal vere hovedkontakt med barn og foreldre i tilvenningsfasen

Overgang til stor avdeling

Barnehagen skal sørgje for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når barnet byter avdeling.

- I mai byrjar me med besøk til den avdelinga dei skal over på saman med ein trygg vaksen.
- Foreldremøte i juni med informasjon om ny avdeling.
- Samtale i august/september om korleis overgangen gjeng.



Overgang til skulen

Overgang til skulen er beskriven i ein eigen plan utarbeida i samarbeid med skulen. Men under er eit enkelt årshjul som beskriver nokon av aktivitetane som førskulen har på programmet.

	OKTOBER	NOVEMBER	DESEMBER	JANUAR	
AKTIVITET/TREFF	Besøk til SFO.	Førskulen og 1.klasse treffast i Valle barnehage.	Besøk til 1.klasse.	Besøk til skulen.	
MØTER	Foreldre-samtaler.			Informasjonsmøte for føresette til førskule-gruppa. Valle skule.	
KVEN				Rektor, styrar, pedagogisk leiar, 1.klasse-lærar	
	FEBRUAR	MARS	APRIL	MAI	JUNI
AKTIVITET/TREFF	Besøk til 1.klasse og SFO.	Skitur i Brokke. Utdeling av fadder på skulen.	Besøk til skulen/fadder.	Besøk skulen/fadder. Besøk 1.klasse.	Prøveskule Avslutningsfest Avslutnings-tur til dagsturhytta i Valle
MØTER			Foreldre-samtale		Foreldremøte
KVEN			Pedagogisk leiar		Pedagogisk leiar

Årshjul

	JULI	AUGUST	SEPTEMBER	OKTOBER	NOVEMBER	DESEMBER
AKTIVITET	3 veker ferie	Oppstart Tilvenning	Brannvernsveke	TV-Aksjonen		Joleaktiviteter Baking Nissefest Lucia m.m
MØTER		Oppstarts- samtaler	Foreldremøte	Foreldresamtaler		
PLANDAG/ STENGT		10 og 11. august			6. november	
SSS-BHG PAKKE					FLIP- samling	
	JANUAR	FEBRUAR	MARS	APRIL	MAI	JUNI
AKTIVITET	Førstehjelpsveke	Fastelavn Karneval Samefolkets dag Skidag	Barnehagedagen		Positiveke 17.mai	
MØTER				Foreldresamtaler		Foreldremøte
PLANDAG/ STENGT	4.januar		25,26,29 mars.		6, 7, 17.mai.	
SSS-BHG PAKKE	FLIP-samling			FLIP-samling	FLIP- samling	



Omsorg, leik, danning og læring

Praksisen til barnehagen – slik gjer vi det

	1–2 år	3–4 år	5–6 år
Omsorg	- Byggje trygge relasjonar mellom barn og vaksne - Møte barnet med nærleik, varme og fysisk omsorg - Setje ord på kjensler - Ta imot trøyst og søkje vaksen - Skape grunnleggjande tryggleik i kvardagen	- Støtte barna i å kjenne att egne og andre sine kjensler - Øve på å vise empati - Oppmode til å hjelpe kvarandre - Hjelpe barna å be om hjelp	- Støtte barna i å forstå andre sine perspektiv - Oppmode til inkludering og fellesskap - Arbeide med respekt - Styrkje ansvar for egne handlingar
Leik	- Leggje til rette for trygg utforskning og leik nær vaksen - Støtte turtaking - Delta i parallell leik - Skape glede i samspel	- Rettleie i rolleleik og samarbeid - Støtte turtaking og deling - Leggje til rette for leik i små grupper - Hjelpe barnet å vere i leik over tid - Støtte samspel	- Styrkje sjølvstendig leik og samarbeid - Leggje til rette for utvikla rolleleik - Oppmode til egne idear - Støtte humor og kreativitet - Rettleie i inkluderande leik
Læring	- Skape tryggleik for læring - Meistring i kvardagsrutinar - Støtte språk og sansar - Øve på enkle beskjedar	- Støtte sjølvstende i kvardagsferdigheiter - Oppmode til å prøve sjølv - Øve på å lytte og følgje beskjedar - Skaparglede	- Styrkje sjølvstende og ansvar - Utvikle konsentrasjon - Støtte refleksjon og undring - Gi utfordringar tilpassa nivå
Danning	- Introdusere enkle normer og rutinar - Delta i måltidsfellesskap - Samling med song og aktivitet - Synleggjere mangfald	- Styrkje tilhøyrse - Oppmode til deltaking - Utvikle haldningar - Delta i praktiske oppgåver - Respekt for ulikskapar	- Styrkje refleksjon og spørsmål - Oppmode til egne meiningar - Arbeide med reglar og fellesskap - Forstå samfunn og kultur - Undring og samtalar

Merkedagar

Tv-aksjonen

TV-aksjonen er ei årleg norsk innsamlingsaksjon som støttar gode føremål. Barnehagen bidreg ved å arrangere ein innsamlingsdag på ettermiddagen, der me sel ulike ting som barna har laga, samt lapskaus. Dette skapar engasjement kring viktigheita av å hjelpe andre, samstundes som barna får oppleve gleda ved å medverke til ei god sak.

Joleaktivitetar

I desember set me fokus på den gode jolestemninga med variaera aktivitetar. Barna får delta på joleverkstad, og me har ein jolekalender på kvar avdeling kvar dag. Me arrangerer bakedagar der me lagar lussekattar og småkaker, og feirar Lucia med song og ljøs. Me har også ein nissefest der barna får nissegraut og Nissen kjem på besøk.

Brannvernveka

For å lære barna viktige prinsipp for branntryggleik, brukar me opplegget med Brannbamsen Bjørnis. Me får besøk av brannvesenet, som syner oss korleis dei arbeider og lærer barna grunnleggjande brannførebuing på ein engasjerande måte.

Førstehjelpsveke

Gjennom førstehjelpsveka får barna ei innføring i førstehjelp på ein trygg og forståeleg måte. Me brukar førstehjelpsbamsen Henry til å lære barna enkle førstehjelpstiltak, slik at dei vert medvitne om korleis ein kan hjelpe i ein naudsituasjon.

Karneval

Karnevalet er ein fargerik og kreativ dag der barna får lage egne kostyme knytt til vårens tema. Me har ei festleg feiring med musikk og dans.

Ski og aktivitetsdag

Når vinteren kjem, arrangerer me skidag og aktivitetsdag ute i barnehagen. Barna som ynskjer det, tek med ski, og me legg til rette for ulike uteaktivitetar. Me lagar mat utandørs og nyt ein dag fylt med rørsle og fellesskap.



Påskefrukost

Til påske inviterer me barn og føresette til ein hyggeleg avdelingsvis frukost i kvar barnehage. Det vert ei sosial stund med god mat og tid til samvær før påskeferien startar.

Ryddedag

Me har ein felles dugnad for å stelle uteområdet og gjere det fint før 17. mai. Barna deltek aktivt med ulike oppgåver, og me avsluttar dagen med å ete mat ute i sola.

Politiveke

Gjennom politiveka vert barna betre kjend med det viktige arbeidet til politiet. Me reiser på besøk til politistasjonen, eller me får besøk av politiet i barnehagen. Barna får lære om tryggleik i samfunnet og korleis politiet hjelp oss i kvardagen.

Barnehagedagen

Barnehagedagen vart markera for fyrste gong i 2005. Sidan då har stadig fleire barnehagar, landet rundt, valgt å vere med på markeringa. Målet er å synleggjere kvaliteten i norske barnehagar, kvart år med nytt tema.



Årsplan barnehagane 2026/2027



Valle kommune
Postboks 4
4746 Valle

Sentralbord: +47 37 93 75 00
E-post: post@valle.kommune.no
www.valle.kommune.no
